

Kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/19	232	06.03.2019	14.03.2019	KS

07

KONTROLLRAPPORT- ÅRSMELDING 2018 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Forslag til vedtak/uttale

Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren si årsmelding og Skatterekneskapen for 2018.

Vedlegg

- Kontrollrapport 2018 frå Skatteetaten, av 15.02.2019
- Årsmelding 2018 Skatteoppkrevjaren, av 20.01.2019
- Årsrekneskap 2018 for skatterekneskapen, av 14.01.2019

Saksopplysning

Det vert vist til Kontrollrapporten frå Skatteetaten, Årsmelding frå Skatteoppkrevjaren og Skatterekneskapen.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg Skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna internkontroll
- Rekneskapsføring, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen.
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane.
- Utføring av arbeidsgivarkontrollen

Ikkje tilfredsstillande:

- Arbeidsgivarkontroll er ikkje utført i tilstrekkeleg omfang, 0,0% (0 kontrollar av 8) (5,2 i 2017 og 4,2 i 2016), medan kravet er 5%.
Skatteoppkrevjar skriv i sin årsrapport at alle kontrollane er gjennomførte, men ikkje ferdiggjorde i 2018.

Skatteinngangen:

- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2018 var kr 83.682.753. I 2017 var den kr 77.373.443. Dvs. ein auke på kr. 6.309.310, eller om lag 8.15%.

Skatteoppkrevjar har nådd alle resultatkrav utanom restskatt personlege skatteytarar.



Jostein Støylen
Dagleg leiar

Karoline Sighaug
Karoline Sighaug
Konsulent



Skatteetaten

Datoen vår
15.02.2019

800 80 000
Skatteetaten.no

Org.nr
974761076

Datoen din/dykkar

Referansen din/dykkar

Referansen vår
2019/5209576

Sakshandsamar
Lisa Reinkind

Telefon
92660521

Postadresse
Postboks 9200 Grønland
0134 OSLO

KOMMUNESTYRET I VANYLVEN KOMMUNE

6143 FISKÅ

Kontrollrapport 2018 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen for Vanylven kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjaren

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingslova og "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane. Det betyr at skattekontoret:

- pliktar å gje rettleiing og bistand i faglege spørsmål
- gjennom mål- og resultatstyring søker å leggje til rette for best mogeleg resultat
- utfører kontroll av skatteoppkrevjaren

Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014. Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 16. mai 2016.

Føremålet med kontrollen er å avklare:

- om skatteoppkrevjaren har ein tilfredsstillande internkontroll for utføringa av sine gjeremål
- om føring av rekneskapen, rapportering og avlegging av årsrapporten og årsrekneskapen samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølging av restansane samsvarar med gjeldande regelverk
- om utføringa av arbeidsgjevarkontrollen samsvarar med gjeldande regelverk

2. Om skatteoppkrevjaren

Sum årsverk i samsvar med skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2018	Tal årsverk 2017	Tal årsverk 2016
1,3	1,3	1,3

3. Måloppnåing



Skatte- og avgiftsinngang

Skatteoppkrevjaren sin frist for avlegging av årsrekneskapen og årsrapporten er 20. januar 2019. Skattekontoret har motteke rekneskapen innan fastsett frist.

Årsrekneskapen for Vanylven kommune viser per 31. desember 2018 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 293 670 199 og uteståande restansar² på kr 3 836 544, av dette krav stilla på vent kr 45 678.

Innkrevjingsresultat

Tabellen viser innkrevjingsresultata per 31. desember 2018 for Vanylven kommune.

	Resultatkrav 2018 (i %)	Innbetalt av sum krav 2018 (i %)	Innbetalt av sum krav 2017 (i %)	Innbetalt av sum krav for regionen 2018 (i %)
Restskatt personlege skattytarar 2016	97,00 %	93,82 %	94,71 %	96,94 %
Forskotstrekk 2017	99,90 %	99,98 %	99,88 %	99,95 %
Forskotskatt personlege skattytarar 2017	99,20 %	99,56 %	99,61 %	99,51 %
Forskotskatt upersonlege skattytarar 2017	99,90 %	100,00 %	99,59 %	99,95 %
Restskatt upersonlege skattytarar 2016	99,40 %	100,00 %	99,98 %	99,08 %
Arbeidsgjevaravgift 2017	99,80 %	99,80 %	99,90 %	99,86 %

Skatteoppkrevjaren har nådd alle resultatkrav utanom Restskatt personlege skattytarar. I si rapportering til Skatteetaten seier skatteoppkrevjaren at det kom ein ny restanse etter omlikning i haust som utgjer nesten kr 350 000, og at innkrevjinga av denne er knapt starta.

Resultat for arbeidsgjevarkontrollen

Resultat for kommunen per 31. desember 2018 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal Arbeidsgjevarar i kommunen/ kontrollordninga	Minstekrav tal kontrollar (5 % av arbeidsgjevarane)	Tal utførte kontrollar 2018:	Utførte kontrollar 2018 (i %)	Utførte kontrollar 2017 (i %)	Utført kontroll 2018 region (i %)
154	8	0	0,0 %	5,2 %	4,2 %

Skatteoppkrevjaren har ikkje utført tilstrekkeleg antall kontrollar. I årsrapporten skriv skatteoppkrevjaren at alle kontrollane er gjennomførte, men ikkje ferdigjorde i 2018.

4. Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjaren

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarane i regionen vert utført i samsvar med ei årleg plan, der behovet for kontroll av områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll vert vurdert overordna for kvar skatteoppkrevjar. Samtlege områder vil derfor nødvendigvis ikkje verte kontrollert kvart år.

Skattekontoret har for 2018 utført kontorkontrollar av skatteoppkrevjaren for området skatterekneskap.

Skattekontoret har i 2018 òg gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjaren for området arbeidsgjevarkontroll 04.05.18. Rapport er send skatteoppkrevjaren 24.05.18. Skatteoppkrevjaren har gjeve tilbakemelding på rapporten 18.06.18.

Skatteoppkrevjaren sin overordna internkontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av årsrekneskapen

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

Arbeidsgjevarkontroll

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege samsvarar med gjeldande regelverk.

Med helsing
Ida Moen
Skatteetaten

Lisa Reinkind

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

For ettertida kan spørsmål til Skatteetaten om oppfølging av skatteoppkrevjarane rettast til:

- oppfolging-skatteoppkrever@skatteetaten.no for skattereknskaps- og innkrevjingsområdet
- SKOstyringAGK@skatteetaten.no for arbeidsgjevarkontrollområdet

Kopi til: Skatteoppkrevjaren for Vanylven kommune
Kontrollutvalet for Vanylven kommune
Rådmann/administrasjonssjef for Vanylven kommune
Riksrevisjonen

Organisering
Arbeidsgiverkontroll
Innfordring

Skatteoppkrever

Margin
Skatteinngang
Skatteregnskap

Årsrapport

Årsrapport for 2018

**Skatteoppkrevjaren i
Vanylven kommune**

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd	3
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret – organisering, ressursar og kompetanse	3
1.2 Internkontroll	3
1.3 Skatteutval	3
1.4 Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen	3
2. Skatterekneskapen	4
2.1 Avlegging av skatterekneskapen	4
2.2 Vurdering av skatteinngangen	4
2.3 Margin	4
3. Innfordring av krav	5
3.1 Restanseutviklinga.....	5
3.2 Effektiviteten på innfordringa	6
3.3 Særnamskompetanse.....	6
4. Arbeidsgjevarkontroll.....	7
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen	7
4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar	7
4.3 Resultat frå kontrollane	7
4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten.....	7
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar	7
4.6 Gjennomførte informasjons- og rettleiingstiltak	7

1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

Skatteoppkrevjarane skal i samsvar med Skatteoppkreverinstruksen § 2-9 nr. 1 utarbeide ein årsrapport i samsvar med retningsliner gjevne av Skattedirektoratet. Med vising til § 3-3 nr. 2 skal skatteoppkrevjaren også utarbeide eit årsrekneskap som vedlegg årsrapporten.

Årsrapporten skal omhandle korleis oppgåvene skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll er ivaretekne ved skatteoppkrevjarkontoret.

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret – organisering, ressursar og kompetanse

Organisering

Ressursar

For 2018 er det 1,3 årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som blir nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen.

Tabellen viser ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk per område

	Årsverk	%-andel fordelt
Skatterekneskap	0,15	11%
Innfordring	0,75	58%
Arbeidsgjevarkontroll	0,30	23%
Administrative oppgaver	0,10	8%
SUM	1,30	100 %

Vurdering av ressursituasjon og kompetanse

Hallvard Takset er skatteoppkrevjar, medan Dagrund Slettevoll Sandnes har det daglege ansvaret for skatt i 80% stilling. Kåre Johan Yksnøy er tillagt ansvaret for arbeidsgjevarkontroll i 30% stilling. Målet for 2018 var 8 kontrollar og desse vart gjennomførte, men mangla kvalitetskontrollen, slik at det står null i resultat.

1.2 Internkontroll

Rutinebeskrivelsane blir nytta til internkontroll og vart sist reviderte i 2016.

1.3 Skatteutval

Det har ikkje vore handsama saker til skatteutvalet i 2018.

1.4 Skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret gjennomførte stadleg kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen 04.05.2018. Det var arbeidsgjevarkontrollen som var prioritert denne gongen. Det kom ingen pålegg som følge av kontrollen.

2. Skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren sitt arbeid med skatterekneskapen omfattar rekneskapsføring, rekneskapsavlegging, handsaming av inn- og utbetalinger, krav, periodisk oppgjør og fordeling til skattekreditorane.

2.1 Avlegging av skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren stadfestar at skatterekneskapen for 2018 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningsliner, jf. Instruks for skatteoppkrevjare av 8.april 2014 § 3-3 nr. 2.

Årsrekneskapen for 2018 følgjer som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Vurdering av skatteinngangen

Den vedlagde årsrekneskapen viser skatteinngangen for rekneskapsåret 2018.

Total skatte- og avgiftsinngang i høve til føregående rekneskapsår

Den totale skatte- og avgiftsinngangen for 2018 er **293 670 199 kr** mot **285 201 677 kr** året før. Dette er ein auke på knapt 8,5 mill. kroner.

Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Kommunen sin del av skatteinngangen for 2018 er **83 682 753 kr** mot **77 373 443 kr** i 2017, altså ein auke på om lag 6,3 mill. kroner.

2.3 Margin

Ved kvart periodiske oppgjør i inntektsåret og dei seks første månedene i året etter inntektsåret skal skatteoppkrevjaren halde tilbake ein bestemt prosent av innbetalt forskottstrekk og forskottsskatt som margin. Marginen skal brukast til oppgjør med skattytarar som får til gode skatt ved avrekninga.

Tabellen under viser marginavsetjing for inntektsåra 2017 og 2018.

	per 31.10.2018 (inntektsåret 2017)	per 31.12.2018 (inntektsåret 2018)
Innestående margin	-5 587 445	27 816 270
For mykje avsett margin	5 528 375	
For lite avsett margin		
Prosentats	12% - gyldig frå 01.07.2005	12% - gyldig frå 01.07.2005

Kommentarar til marginavsetjinga

Prosenten for marginavsetjinga vart auka til 12 i 2005. Sidan det var positiv margin for 2017, vil vi ikkje endre den no.

3. Innfordring av krav

I samsvar med skatteoppkrevjarinstruksen § 4-3 skal innfordring iverksetjast utan unødige opphald etter forfall, og gjennomførast etter ei samla vurdering. Ved vurdering av innfordringstiltak skal skatteoppkrevjaren leggje avgjerande vekt på tiltak som enkeltvis eller samla fører til at oppgjer kan skje hurtig og effektivt, samtidig som ein overfor skuldnar er påpasseleg med å vise den varsemd og framferd som forholda tillet.

3.1 Restanseutviklinga

Totale restansar og berostilte krav

Tabellen viser totale restansar og berostilte krav for 2018 og 2017, samt endring frå i fjor for restanse og berostilte krav.

Skatteart	Restanse 31.12.2018	Herav berostilt restanse 31.12.2018	Restanse 31.12.2017	Herav berostilt restanse 31.12.2017	Endring i	
					restanse	berostilt restanse
					Reduksjon (-) Auke (+)	Reduksjon (-) Auke (+)
Sum restanse pr. skatteart	3 836 544	45 678	3 386 280	45 678	+450 264	0
Arbeidsgjevaravgift	19 852		84 203	0	-64 351	0
Artistskatt	0		0	0	0	0
Finansskatt	0					
Forsinkingsrenter	50 151		29 216	0	+20 935	0
Forskotsskatt	30 000		30 000	0	0	0
Forskotsskatt person	545 821		573 594	0	-27 773	0
Forskotstrekk	39 249		137 647	0	-98 398	0
Gebyr	0		0	0	0	0
Innfordringsinntekter	32 830	530	38 972	530	-6 142	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjjer	0		0	0	0	0
Kildeskatt	0		0	0	0	0
Restskatt	702		199 776	0	-199 074	0
Restskatt person	2 830 755	45 148	2 163 501	45 148	+667 254	0
Tvangsmulkt	287 184		129 371	0	+157 813	0
Sum restanse diverse krav	0	0	0	0	0	0
Diverse krav	0	0	0	0		0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	3 836 544	45 678	3 386 280	45 678	+450 264	0

Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restansar

Samla restansar har auka med 450 000 kr frå 2017 til 2018. Også i år er dei største restansane knytta til restskatt person og forskotsskatt person. Restansen på tvangsmulkt har og auka med 150 000 kr. Når det gjeld restskatt person, så utgjjer 5 personar 1,8 mill av kravet. Av desse er to på gjeldsordning og ei omlikning i samband med utanlandsskatt. Ein av aktørane hadde omlikning av inntektsåra 2015, 2016 og 2017 i november som førte til restskatt på knapt 550 000 kr. Desse krava hadde forfall 06.12.18. For dei resterande aktørane er alt gjort for å få inn skatten.

Restansar eldre år

Tabellen viser totale restansar eldre år og restansane på restskatt person for dei same åra.

Inntektsår	Sum restanse (debit)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2016	715 895	568 904
2015	743 761	270 958
2014	381 451	268 907
2013 – 1997	841 476	-----

Kommentarar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år

Antall krav som var forelda pr. 31.12.2018: 2

Samla beløp på krav som var forelda pr. 31.12.2018: 1 997

Skatteoppkrevjaren har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2018. Dei to krava som vart forelda pr. 31.12.2018 gjeld ein skattytar som utvandra til USA for mange år sidan. Det har ikkje lukkast å kome i kontakt med vedkomande

3.2 Effektivitet på innfordringa

Vurdering av resultatet pr. 31.12.2018

Ifølgje resultatrapporteringa pr. 31.12.2018 har Vanylven oppnådd kravet for både arbeidsgjevaravgift, forskotstrekk, forskotsskatt personlege og restskatt upersonlege skattytarar. Resultatet for restskatt personlege skattytarar ligg 3,2 % under kravet, og skuldast den eine skattytaren som fekk omlikning for inntektsåret 2016 nyleg.

Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Vi har innarbeidd gode rutiner på kontoret for innkrevjing av skatt, og dei er vidareførte. Vi er raskt ute både med trekk i løn og krav om utlegg til namsmannen. Vi brukar i hovudsak namsmannen og dette fungerer godt for vårt vedkomande, og sakene blir handsama utan opphald.

Sidan betalingsavtalar skal handsamast som lempingssaker etter skriftleg, grunngeven søknad, er søknadsmassen blitt redusert mykje. Nokre få har teke kontakt på telefon, for å avtale ei nedbetalingsordning, men når det kjem til skriftleg søknad og grundig dokumentasjon, så høyrer vi ikkje meir. Kun ein avtale vart inngått i 2018.

Telefoninkasso er ikkje blitt brukt i innkrevjinga.

Skatteoppkrevjaren sine eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innfordringa

Sidan skatteoppkrevjaren i Herøy overtek Vanylven sin skatteoppkrevjarfunksjon frå 01.01.2019 – i det nyoppretta Søre Sunnmøre kemnerkontor, - blir det vidare innkrevjingsarbeidet overlata til dei.

Omtale av spesielle forhold

Vi har ikkje andre merknader enn det som framgår av pkt. 3.1.2.

3.3 Særnamskompetanse

Vi har brukt særnamskompetansen ved eit par gongar, men vurderer det i kvart einskild tilfelle. Så lenge det fungerer så godt med bruk av ordinær namsmann, blir han oftast brukt.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Kåre Johan Yksnøy fekk frå i 2011 ansvaret for arbeidsgjevarkontrollen, etter at Vanylven gjekk ut av det interkommunale samarbeidet frå 31.12.2010.

4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar

Antall planlagde kontrollar for 2018 var 8. Dette utgjør 5,2% av totalt antall opplysningspliktige i kommunen.

Antall gjennomførte kontrollar i 2018 var 0. Kontrolløren hadde gjennomført dei 8 kontrollane, men sidan rapportane først var klare like før jul, vart dei ikkje kvalitetssikra og dermed ferdiggjorde i 2018.

Antall gjennomførte kontrollar i 2017 var 8.

4.3 Resultat frå kontrollane

0 rapportar er leverte til skattekontoret pr. 31.12.18.

4.4 Vurdering av kontrollaktiviteten

Tilfredsstillande.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar

Det har hittil ikkje vore aktuelt, jfr. pkt. 4.4.

4.6 Gjennomførte informasjons- og rettleiingstiltak

Det har ikkje vore gjennomført informasjonstiltak i 2018, kun samtalar med kontrollobjektet.

6143 Fiskå, 20.01.2019



Skatteoppkrevjaren sin signatur

Vedlegg: Årsrekneskapen for 2018
 Vedlegg til årsrekneskapen

Årsregnskap - kommune - sammendrag

Dato: 11.01.2019 - 08:10

Utvalgskriterier:

Kommunenr	År	Hovedbokstype
1511	2018	K

Nivå 1	Valgt år	Forrige år
Likvider	30,158,568	28,871,520
Skyldig skattekreditorene	-2,342,108	-1,185,262
Skyldig andre	-186	-43
Innestående margin	-27,816,270	-27,686,213
Udisponert resultat	-4	-2
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-23,750,422	-22,113,905
Kildeskatt mv - 100% stat	-1,465,841	-367,765
Naturressursskatt	-469,248	0
Personlige skatteyttere	-260,328,918	-253,300,976
Tvangsmulkt	-42,746	-86,873
Upersonlige skatteyttere	-7,277,771	-8,687,982
Renter	-372,187	-685,372
Innfordring	36,934	41,196
Sum	-293,670,199	-285,201,677
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	23,750,420	22,113,907
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	77,124,544	76,572,651
Fordelt til Fylkeskommunen	17,962,413	16,553,078
Fordelt til Staten	91,619,576	92,591,700
Fordelt til kommunen	83,682,753	77,373,443
Krav som er ufordelt	2	-2
Videresending plassering mellom kommuner	-469,509	-3,100
Sum	293,670,199	285,201,677
Sum totalt	0	0



VEDLEGG TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2018

Skatterekneskapen er avlagt etter kontantprinsippet. Skatterekneskapen viser skattar og avgifter m.v. som er innbetalt i løpet av rekneskapsåret.

Innbetalte skattar og avgifter m.v. er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygda og staten (skattekreditorane), etter gjeldande fordelingstal.

SUMLINENE I ÅRSREKNESKAPEN

- **Likvider**
Likvidane i skatterekneskapen består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.
- **Skuldig skattekreditorane**
Fordelingsoppgjeret til skattekreditorane for desember står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkrevjaren skal utbetale fordelingsoppgjeret til skattekreditorane seinast 10. januar. Dersom dette er eit positivt beløp, har skatteoppkrevjaren ei fordring på skattekreditorane. Skattekreditorane skal betale inn dette beløpet til skatteoppkrevjaren seinast 20. januar.
- **Skuldig andre**
Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalingar, som ikkje er fordelt til skattekreditorane på grunn av mangelfull informasjon frå den som betalar.
- **Innestående margin**
Ved kvart periodiske oppgjer i inntektsåret og dei seks første månadene i året etter inntektsåret, skal det haldast tilbake ein bestemt prosent av innbetalt forskotstrekk og forskotsskatt som margin. Marginen skal nyttast til oppgjer med skattytarar som får til gode skatt ved avrekninga.
- **Udisponert resultat**
Dette skal vere eit lite beløp som skuldast øreavrunding i skatterekneskapssystemet.
- **Innbetalte skattar og avgifter, renter, innfordring**
Dette beløpet er innbetalt arbeidsgjevaravgift, finansskatt, forskotstrekk fråtrekt marginavsetjing, forskotsskatt for personlege og upersonlege skattytarar, restskatt og overskytande forskot for personlege og upersonlege skattytarar, kildeskatt, samt renter og gebyr.
- **Fordelt til skattekreditorane**
Dette er innbetalte skattar og avgifter, renter og gebyr som er fordelte til skattekreditorane i samsvar med gjeldande fordelingstal.
- **Krav som er ufordelt**
Dette skal vere eit lite beløp som skuldast øreavrunding i skatterekneskapssystemet.
- **Vidaresending plassering mellom kommunar**
Dette gjeld innbetalingar i mellomrekning med andre kommunar sine skatterekneskap.